



## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Telefonmøte</b>
<b>Møtedato</b>	<b>05.05.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>11:00 – 12.00</b>

**Faste medlemmer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Bente Underthun  
Magnus Strand

**Forfall til møtet:** Wenche Røkenes

**Varamedlemer til stades:** Anita Æsøy

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 8/17            Høyring - En mer effektiv og fremtidsrettet  
hjelpemiddelformidling - for økt deltakelse og mestring  
- rapport fra ekspertutvalg**

**Det låg føre slikt forslag til vedtak:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane meiner:

- Retten til hjelpemiddel fortsatt skal ligge til folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemiddel. Dette vil sikre dei funksjonshemma sin tilgang til naudsynte hjelpemiddel på alle livsområder slik at grunnleggande menneskerettigheiter vert ivaretekne.
- Retten til hjelpemiddel må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar.
- Skal ansvaret ut i kommunen vil det krevje mykje investering og tilrettelegging for å få rett spisskompetanse, eigna lokale og utstyr. Det set store krav til kvalitet i innkjøp, ettersyn og oppfølging av elektronisk utstyr, logistikk av hjelpemiddel og reperasjon av avansert utstyr.
- At innbyggjarane, gjennom folketrygda, er sikra hjelpemiddel som kompenserer for nedsett funksjonsevne, vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane meiner:

- Retten til hjelpemiddel fortsatt skal ligge til folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemiddel. Dette vil sikre dei funksjonshemma sin tilgang til naudsynte hjelpemiddel på alle livsområder slik at grunnleggande menneskerettigheiter vert ivaretekne.
- Retten til hjelpemiddel må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar.
- Skal ansvaret ut i kommunen vil det krevje mykje investering og tilrettelegging for å få rett spisskompetanse, eigna lokale og utstyr. Det set store krav til kvalitet i innkjøp, ettersyn og oppfølging av elektronisk utstyr, logistikk av hjelpemiddel og reperasjon av avansert utstyr.
- At innbyggjarane, gjennom folketrygda, er sikra hjelpemiddel som kompenserer for nedsett funksjonsevne, vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta

-----